

Om året 2016 - Gloppen folkebibliotek :



Ordførartreff mykje høgtlesing stort utlån av nynorske barnebøker

Desse stikkorda oppsummerer mykje av det som skjedde i biblioteksåret 2016. Kvardagane har eit mylder av bruk og aktivitet i dei tre biblioteka, noko er styrt av dei bibliotektilsette - og mykje er styrt av den enkelte besøkande.

Eit samla utlånstal på 47.447 viser at utlån av bøker og e-bøker har ein liten auke, både for vaksne og for barn, og som venta går utlånet av andre media noko ned. Denne auken i bokutlån i 2016, ei tid der lesing har mange konkurrentar, hadde ikkje skjedd utan aktuelle og nye titlar, engasjerte tilsette og ei stor leseinteresse i Gloppen.

Satsing på nynorske barnebøker og prosjektmidlar til auka innkjøp, syner att i kva slags titlar som vert mest utlånt: **18 av dei 25 mest leste barnebøkene er på nynorsk!**

E-bokutlån har auka til 1.728 (2015: 1207), og utgjør no 3,6 % av det totale utlån.

Besøkstala er noko aukande: 36.336 - opp 4,7 %.

Nokre **digitale bibliotektilbod** i 2016: eBokBib, Filmbib.no, Pressreader, nb.no, Trivselshagen.no: Søk i basen og fornying av eigne lån. Biblioteket er aktive på sosiale media: Facebook, Instagram og Twitter.

Biblioteka si aktive rolle som formidlar, viser seg i kvardagen i møte med besøkande, gjennom prosjekt, ved aktivitet på sosiale medier, og ved ei rad tiltak og arrangement:

«Lesarhistorier»: Prosjekt haust 2014 – sommar 2017: Biblioteket er eitt av seks bibliotek i fylket som er med på Sogn og Fjordane fylkesbibliotek sitt prosjekt «Lesarhistorier» - der kvar kommune arbeider med sitt unike prosjekt som handlar om barn og lesing. I Gloppen arbeider barnebibliotekaren saman med ei 2. klasse og 3. klasse ved Nordstranda skule. Barnebibliotekaren har hatt åtte temasamlingar med desse klassene, - på biblioteket og på skulen, og elevane har t.d. laga fleire «bøker». Arbeidet vert fylgt opp av Høgskulen i Oslo, og derfrå var professor Kjell Ivar Skjerdingsstad utplassert hos oss ei veke, våren 2016. Dette prosjektet gir høve til å prøve ut ulike måtar å arbeide med formidling og med samarbeid bibliotek/skule. Elevane har fått langt betre kjennskap både til biblioteket, ulike typar litteratur, og si eiga lesing.

Nokre andre tiltak og arrangement:

- Forfattarmøte: Finn Egil Eide i samtale med Ove Eide

- Samarbeid med Breim barnehage: Depot med bokkasser gjennom heile året, høgtlesingsprogram vår og haust i barnehagen
- Terje Torkildsen – den kulaste! Litterært arrangement for 9. klassane, samt Nordfjordturné arrangert av Gloppen folkebibliotek, støtta av Fritt Ord.
- Time med lesegedar Anne Kari Faleide i alle 7. klasser (Den kulturelle skulesekken)
- Bokdagen: Barnehagar invitert på program med høgtlesing og dramatisering
- Besøk av forfattar og Illustratør Anna Folkestad – alle 2. klasser og to barnehagar. Turné arr. av Gloppen folkebibliotek
- Avishjørnet
- Ordførartreff
- Litterært kaffislabberas på Nasjonal bibliotekdag
- «På bytur med bøkene». Høgtlesingsprogram for vaksne. Sandane og Hyen
- «Strikk & Lytt», Høgtlesingsprogram for vaksne, vår og haust
- «Litterært fyrespel»: Kjartan Hatløy, Hege Woxen , Gro Marie Svidal (Gloppen musikkfest)
- «Morgengry i Norden» – høgtlesingsprogram med levande lys, for invitert skuleklasse
- «Nordfjordboka» (bokkveld)
- «Bara de riktiga orden». Nordisk litteraturkveld
- «Bernt Tunold og kunsten i Nordfjord» (bokkveld)
- «Sigd – ein poetisk konsert». Ruth Lillegraven og Benedikte Maurseth

Gjennom heile året: Introduksjonstimar for grunnskuleklassar, Firdaelevar m.fl. med tema som lesing, bibliotekbruk, digitale tilbod som til dømes eBokBib.

Bokkaféen på biblioteket på Byrkjelo er ein triveleg møtestad for eldre i Breim, og hadde ti samlingar i 2016.

Takk - alle samarbeidspartar!

Torill Berge
Biblioteksjef
Gloppen folkebibliotek

Vedlegg:

- Utlånsstatistikk 2016
- Mest lånt 2016
- Bilde:
 - o Ordførartreff med Leidulf Gloppestad
 - o Forfattarmøte med Ove Eide og Finn Egil Eide
 - o Breim skule: Anna R. Folkestad teiknar Besta og Bo på tivoli
 - o Rygg barnehage: Anna R. Folkestad og boka Henrik And
 - o Nordstrand skule: Lesarhistorier (prosjekt)